



Sameiget Skakke-Senter for skule, idrett og kultur
v/styreleiar Kristin Hagland
Etne kommune
Postboks 54
5591 ETNE

Dato: 01.04.2014
Vår ref.: 2014/11877-1
Saksbehandlar: gurklyv
Dykkar ref.:

Forslag om å endre punkt 9.1 i vedtektene for sameiget

Det følgjer av pkt. 9.1 i vedtektene for *Sameiget Skakke-Senter for skule, idrett og kultur* at styret skal ha 3 medlemmer og 3 varamedlemmer, ein frå kvar av sameigarane med personleg varamann.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å kunne ha ein representant frå eigarsida og ein representant frå brukarsida med i styret. Vi foreslår derfor at det i styret skal vere to medlemmer og to varamedlemmer frå kvar seksjonseigar.

Vårt forslag er såleis at 2. setning i pkt. 9.1 i vedtektene vert endra til:
«Styret skal ha 6 medlemmer og 6 varamedlemmer, to frå kvar av sameigarane med personlege varamenn.»

Ei endring av vedtektene må skje i eit sameigarmøte, jf. § 28, 2. ledd i eigarseksjonslova. Vi ber av den grunn om at denne saka vert handsama på neste sameigarmøte.

Helge Haavardtun
eigedomssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.